

Rapport – Norsk røyndom: spreid ordet

Saksnummer: 2024/63818

Bakgrunn og mål

Kvinnherad bibliotek har gjennom prosjektet 'Norsk røyndom – spreid ordet' hatt som mål å styrkje biblioteket si rolle som arena for samtale og debatt, samstundes som vi har arbeidd for å gjera nynorsk faglitteratur meir tilgjengeleg og relevant for eit breiare publikum.

Med utgangspunkt i Samlaget sin serie Norsk røyndom har vi utvikla eit formidlingsopplegg der litteratur møter aktuelle samfunnsspørsmål.

Gjennomføring og tidsperiode

Prosjektet vart gjennomført frå november 2025 til juni 2026.

Første arrangement fann stad i november 2025.

Vidare vart det gjennomført fire arrangement våren 2026, med siste forfattarbesøk 10. april 2026.

Podkastserien vart produsert parallelt med arrangementa, med siste episode publisert i mai 2026.

Prosjektet vart avslutta med evaluering i juni 2026.

Arrangement

Følgjande forfattarar deltok i prosjektet:

- Jørn Øyrehagen Sunde
- Jens Kihl
- Mone Celin Skrede
- Jeswathiny Mayooram
- Stine Hanssen Bratland

Erfaringar og vurdering

Prosjektet har vore nyskapande og særers vellukka. Vi som har arbeidd med det har opplevd det som svært meiningsfullt og viktig. Publikum og forfattarar har gitt svært gode tilbakemeldingar.

Temaa har fenga publikum godt, og prosjektet har vore ein viktig del av biblioteket sitt samfunnsoppdrag.

Formidling av nynorsk sakprosa og debattbøker har vore sentralt og har gitt eit sterkt nynorsk perspektiv inn i samfunnsdebatten.

Biblioteket har styrkt si arrangementskompetanse gjennom litterære samtalar med aktiv publikumdeltaking.

Podkastproduksjonen har vore svært vellukka og gitt nyttig kompetanse, mellom anna gjennom eigen logo og bruk av QR-kodar i formidlinga.

Rekneskap

Honorar: 30 000 kr

Reise og opphald: 21 110 kr

Totalt: 51 110 kr

Oppsummering

Prosjektet har nådd måla sine og styrkt biblioteket som debattarena og formidlar av nynorsk faglitteratur.